

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Fonna HF

DATO: 12.05.22

SAKSHANDSAMAR: Ernst Hetland Larsen

SAKA GJELD: **Leiinga sin gjennomgang av IKT tryggleik**

STYRESAK: 31/22

STYREMØTE: 24.05.22

1 vedlegg - vedlegget er unntatt offentlig med heimel i offl. § 13 jf. fvl § 13, 1. ledd nr. 1

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tar leiinga sin gjennomgang av informasjonstryggleik til vitande

Bakgrunn for saka

Gjennomgangen av informasjonstryggleik er ein kontroll av status på tryggleiksnivået innan IKT i Helse Fonna, og om denne er i samsvar med føretaket sine behov og lovpålagte krav. IKT-sikkerheitsleiar i føretaket utarbeider ein rapport årleg.

I oppsummeringa konkluderer sikkerheitsleiar med at det er ikkje rapportert alvorlege hendingar der person- og helseopplysningar har komme på avvege, men at det er registrert auka i rapporterte avvik og fleire av desse peikar på mindre eller større svikt i sentrale og kritiske IKT-løysingar for pasientbehandlinga, og dessutan manglande skjerming av pasient-/personopplysningar.

Organisering av informasjonssikkerheit og personvern fungerer godt for Helse Fonna HF og samhandlinga mellom IKT-sikkerheitsansvarleg og personvernombod er god. Den auka aktiviteten utfordrar prioritering og saksbehandlingstid. Det blir at tilrådd leiinga saman med IKT-sikkerheitsleiar og personvernombod avklarar nærare oppgåver, prioritering og ressursbruk.

IKT sikkerheitsleiar tilrår følgjande for 2022:

- Planlegga og utføra aktivitetar for internrevisjonar som omhandlar informasjonssikkerheit og personvern
- Planlegga aktivitetar for å styrka kompetanse og kunnskap om informasjonssikkerheit og personvern for alle tilsette i Helse Fonna HF
- Fortsette å ha eit fokus på utarbeiding av nødrutinar, oppdatera eksisterande og sørge for at tilsette er kjente med desse.
- Fortsette samarbeidde med medisinsk-teknisk avdeling med utarbeiding av rutinar, og dessutan opplæring av tilsette i avdelinga innan informasjonssikkerheit.

Administrerande direktør vil, saman med IKT sikkerheitsansvarleg, personvernombod og internrevisor følgje opp tilrådingane.